

Forslag til: **Idrettstinget 2023**

Frå: **Vestland idrettskrets**

Tittel på forslag: **Utgreiing om behovet for eit nasjonalt ungdomsutval**

Forslag:

Idrettstinget ber Idrettsstyret greie ut om behovet for eit nasjonalt ungdomsutval i norsk idrett i løpet av kommande periode.

Grunngjeving:

I heile NIF si historie har det vore ulikskapar i kva born, unge, kvinner og menn har kunne delta i. Utover på 1990-tallet vart også unge ein del av diskusjonen om kven som kan ta del i politikk- og organisasjonsarbeid. Det vart oppretta eit eige nasjonalt ungdomsutval, NUK, som vart valt på eigne ungdomsidrettsting. Det fyrste ungdomsidrettsting var i 1992. NUK vart lagt ned i 2007.

I åra før ungdoms-OL på Lillehammer i 2016 vart det som i dag er skildra som ung medbestemming og ung medverknad sett på dagsorden for alvor. Satsinga *Ungdomsløftet* blei iverksett og skulle vare frå 2012-2022, med mål å behalde unge lengre i idretten og utvikle både utøvarar, trenarar, leiarar, dommarar, med meir. Det har ut i frå denne satsinga blitt utvikla fleire gode arenaer der unge leiarar kan utvikle seg. Positive tilbod som bidrar til at unge kan bygge viktige nettverk, motiverast, inspirerast og lære av kvarandre.

Sidan 2007 har idrettsstyret hatt to styremedlemmar under 26 år, og på idrettstinget i 2019 vart det også vedteke at alle styre i særforbund og idrettskrinsar skal ha minst eit ordinært styremedlem som på valtidspunktet var under 26 år. Dette skal være eit ordinært styremedlem, ikkje eit ungdomsmedlem eller ein ungdomsrepresentant. Likevel vil det ikkje seie at unge leiarar har ein felles stad der dei saman kontinuerleg kan diskutere ulike problemstillingar på tvers av organisasjonar. På same ting vart det vedteke å setje i gong eit arbeid for å kartlegge ung medbestemming i norsk idrett i samarbeid med NIH. I 2023 vert det nye undersøkingar, denne gang om *Ungdomsløftet*. Eit anna tiltak særforbund og idrettskrinsar har satt i gong for å gje ungdom eit talerør er ungdomsutval, ungdomsnettverk eller ungdomskomitear. Dette er grupperingar som det i liten grad er undersøkt for å finne kva dei gjer, kva moglegheiter dei har til å påverke beslutningstakarar, kven som deltek og kva betydning dei har. I rapporten om ung medbestemming frå NIH i 2020 er nokre av utfordringane som er belyst at unge har i stor grad symbolsk medverknad kontra reell medbestemming.

Forslagsstillar meiner at eit nasjonalt ungdomsutval kan vere med på å styrke samhandlinga mellom unge leiarar frå særforbund og idrettskrinsar, og Idrettsstyret og administrasjonen. Det kan også vere med på å knyte saman ungdomsutvala i SF og IK. Eit demokratisk valt nasjonalt utval av unge leiarar underlagt NIF, kan ha ei rådgjevande og kompetansehevande funksjon for alle organisasjonsledd i

norsk idrett. Dette kan blant anna vere med på å realisere delmål 1 og 3 under livslang idrett i idretten vil, nemleg at idretten vil arbeide for eit mangfaldig idrettstilbod til alle aldersgrupper og alle idrettslege nivå, samt at idretten vil skape eit idrettstilbod som inkluderer og er tilrettelagt for alle.

Den solide rapporten om ung medbestemming i norsk idrett undersøkjer ikkje temaet ungdomsutval. Forslagsstillar ber om at behovet for å samle unge leiarar i eit nasjonalt ungdomsutval i norsk idrett blir kartlagt nærmare i kommande periode.

Bergen, 2. februar 2023

Nils R. Sandal

Nils R. Sandal
Styreleiar
Vestland idrettskrets